

# Fire fødde fyrst på 1900-talet i Hol og Ål fortel

## **Ingebjørg Sønderål Helleve frå Hol er fødd i 1907. Ho fortel om kosthald og matstell i sin barndom.**

Kosthaldet var vanleg god bondekost, med heimebaka brød, smør, ost, prim, alt heimelaga. Mjølkk, kaffi og ofte mjølkegraut. Ein og annan gongen fekk me kjøpebrød og sirup, det var veldig godt. Dugurdsmaten var graut og god mjølkk, og so var det kaffi med mat attåt; det var vaflar, skuffekake, mjølkeprim, kaffibrød o.l. Nonsmat var klokka tre. Det vart mykje salta kjøt av sau, gris og kalv. Me hadde ofte mjølkesuppe kokt på risgryn, byggryn eller havregryn. Om hausten vart det mykje innmat og blodmat. Det vart baka flatbrød haust og vår. Rummegrød vart baka om våren, so mykje at det skulle vara sumaren. Me hadde ofte aure og rakafisk om vinteren, den åt ikkje me born. Mor brygga maltøl to gonger om sumaren, eg hugsar at vørteret var so godt, men mor lika ikkje at me kom med koppar. Om sumaren åt me småjentene ofte graut med øl til i staden for sur mjølkk.

Sumarmjølka vart samla om våren før kyrne vart sende til fjells. Ei bytte med skumma sur mjølkk, og ei bytte med søllmjølkk, dvs. heilmjølkk som fyrst vart kokt opp og so syrna etterpå. Den var god. Byttene var på vel hundre liter.

Småmat og lefsekling med øl attåt er gjestebodskost i Hallingdal. Likeins rummegraut og slåttegraut. Frå butikken vart det ikkje kjøpt mykje; det var kaffi, sukker, kveitemjøl, gryn, såpe o.l.

## **Borghild Noss Nestegard fortel**

Lapskaus var ikkje teken i bruk, men i staden brukte dei noko dei kalla eplemat. Det var kokte jordeple, stampa og spedd til graut med salt kraft, med steikte fleskebitar i og fleskefeitt over — det var godt.

Det var ikkje grønsaker om vinteren, so mor la ned i blekkboksar ferdig frikassé med gulerøter, karbonader med lauk, beinlause fuglar, masse kjøtkaker, og malen innmat m.m. Det kom ein spesialist og lodda boksane. Dette vart då mest gjestemat og sundagsmat.

Mor kom som ung til ein stor styrnad og hadde vore i matlære i lensmannsgarden. Det var no mest same slags gard ho kom frå som den ho gjekk til, men noko meir selskapelegheit og større huslyd var det nok heime.



*Frå Noss. Foto: Borghild Noss Nestegard*

Mot difteri var litt utkokt hestemøkk, blanda med saft, eit kjerringråd; det helbreda mine brør. Dei måtte då ikkje vita kva dei drakk. Det døde mange ungdomar i ein slik epidemi.

Annan medisin var for det meste kamfer, nafta og terpentin, dråpar på ein sukkerbit for alle slags smerter. Mot hoste var det kamferklut på bringa, eller talg og terpentin. Mot halsbyll var det varmt grautomslag, mot kong og verkefingrar «løvedeig» —ein deig av fløyte og kveitemjøl. Den dreiv verken ut, og det same gjorde grønsåpeklut. Varm mjølk med sukker, pepar og litt konjakk var godt mot forkjøling.

Det var skarpe grenser mellom mannsarbeid og kvinnearbeid, fortel Borghild. Arbeidet var strengt fordelt. Ein mann måtte aldri passe ungar til dømes. Karane måtte ikkje hjelpe til i fjøset. Berre kontrollere at dyra vart passe fóra og at høyet nådde til. Me hadde budeie, men mor skifta høyet, dvs. tulla dottar saman, surra med halm og la det i ei teine. Det var ymse storleikar etter som dei mjølka osv. Det var gamalt fjøs til i 1917; då vart det bygt nytt med krubber, med vatn for kvar avdeling osv. Mjølka vart separert. Skummamjølka gjekk til ost, til matlaging og til kalvane. Smøret vart selt.

Meieri vart bygt ikring 1928, Mjølka vart då køyrt med hest dit — det var lettvent. Det vart lettare for alle å handle lite meir, men mjølkepengane skulle rekke til alle faste utgifter. Det var 9 øre

literen for mjølka. Om sumaren var det kjeringane som var på stølen; det hende ofte at dei fødte born der — gjerne langt inni fjellet. Det var berre kløvjevegar då.



Frå Noss. Foto: Borghild Noss Nestegard

Når nevra vart teken av bjørkeveden, vart den brukt til taktekking under til dømes torvtak. Skavet — borken — var fint til fóring, blanda i hakkels, særleg til sau og geit. Når det ikkje var kaldt, var geitene ute og gnog sjølve til det vart blanke veden. Dette utgjorde nok mykje medisin.

Karane dreiv i skogen. Det var mykje vedhogst både til eige bruk og for sal, særleg etter første verdskrigen. Me var då to ugifte sysken. Bror min hadde skadd ein fot og vart gåande heime utan sjuketrygd. Eg var mest rundt og hjelpte syskena mine (gratis). Eg hugsar ein gong me ville på fest, men det mangla oss 15 øre på to kroner. Det var nok ikkje så sprekt på gardane heller, men me høyrer berre om kor smått det var for arbeidsfolket. Men både arbeidsfolk og eigarar hadde mat, hus og klede der. Det vart spunne, vove og strikka åt alle. Det trongst lite lommepengar då. All mat vart laga heime. Me brende kaffi like til krigen, det vart 10—15 øre billigare. Det hadde jamt vore eit gjestfritt hus — alle ungar med sine huslydar og andre slektningar var heime i alle feriar. Mor heldt fram med dette — ho heldt heile flokken saman. I jולי og ved andre høve var vi aldri under tjue stykke før 1928—30. Ho hadde jamt noko å gje der det trongst, eit

mjølkespann, ein ostebite e.l. Ho døydde i 1957 av koldbrann og lungebrann.

### **Ola Bæra frå Ål fortel**

Eg skifta skule fire gonger. Eg hadde gått ein vinter heime i Ål, men hausten 1908 reiste foreldra mine til Asker for å overta eit fjøs på Haugebo gard. Mor følgde meg på skulen fyrste dagen. Borna var snille i Ål, men det vart verre i Asker. Der såg eg dei fyrste bilane om hausten.

Våren 1909 flytta me til Voksen gard i Vestre Aker, og eg skulle gå på skulen der. Eg hugsar at far følgde meg nedover mot Røa til me såg Huseby skule, Det var ein kveld, han hadde ikkje tid om dagen. Om morgonen etter var eg på skuleveg. Då eg kom inn på skulegarden var det ein masse born samla, og eg stod og såg at dei leikte. Ein lærar kom bort til meg og spurde kva eg var for ein. om eg skulle begynne på skulen der og om alder. Han bad meg gå inn i klasserom 3. Eg hadde sett meg på ein pult bakerst i rommet, men på den sida der jentene sat. Dei stod på gangen og kniste og opna døra litt iblant og såg på meg. so kom frøkna og sa at eg måtte flytte meg over på den andre sida. då var det i orden. Det var ikkje godt å vera åleine på ukjent stad.

Det var borna frå Sørkedalen som eg var i lag med etter skulevegen, og eg var i krangel med dei til å begynne med, men det vart betre etter ei tid. Det var for mykje flytting i skuleåra mine, so framgangen var ikkje bra.

Min fyrste tur til Kristiania var eg med far. Me gjekk opp til Holmenkollen og tok banen ned til Majorstua. Derifrå med trikken ned på torget. Når eg skulle følgje med far på fortauet, vart eg mange gonger skubba til side og vart etter, men han var høg, so eg såg han blant mengda. Eg måtte springe for å nå han att. Eg var med far på Bogstadvatnet og fiska åbor. Det var det likaste eg visste. I skuleferien var eg med på garden og ryskte ugras i åkeren. Litt leik med granneborna vart det ogso, og som den eldste måtte eg passe mine mindre sysken. Om vinteren var det stor utfart frå byen til Sørkedalen og skogane omkring når det var helg.

I april 1910 reiste me heim til Hallingdal. Foreldra mine likte seg ikkje so bra burte. Vi kørde med hest gjennom byen til Østbanen og med tog til Torpo. Om sommaren var eg heime. Frå hausten vart det ny skule for meg. Eg skulle vera om vinteren der eg skulle gjete om sommaren. Det var vel tida som var slik at ein måtte gjere nytte for seg alltid. Eg gjette to somrar til, sidan var eg heime til eg fekk meg arbeid. Dei siste skuleåra var eg heime og måtte prøve å ta att det eg hadde mist med all flytting frå skule til skule. På vegen heim tiå skulen den siste skuledagen min i 1914 kom eg på tanken om eg hadde brukt tida godt? Svaret vart: Ikkje bra. No var det slutt med gratis opplæring. Som kjent er kunnskapen lett å bere, men heller tung å sanke.

Det var mange av oss som hadde både skule og presten siste året. Konfirmasjonen hugsar eg godt; eg følgde nøye med under avhøyringa og kunne svara på det eg vart spurdt om, Me gjekk på skulen ogso etter konfirmasjonen. Eg hugsar at me som var konfirmerte, var gått litt langt unna i eit friminutt. Det var både jenter og gutar, og me kom seint inn etter friminuttet. «De meiner visst at de tek til å bli vaksne no," sa Iæraren. Det eg merka best, var at ein smått om senn vart meir fri til å taka avgjerd».

### **Knut Sorteberg fortel frå tida då han vaks opp**

Eg er fødd 1903 i Ål i Hallingdal. Etternamnet mitt vart Sorteberg. Far kjøpte eidedomen av ein gammal ungar som til vanleg vart kalla Gjeldoksgardguten. Under den store skredulykka 14. juni 1876 var det Gjeldoksgarden som vart mest rasert. Med bygdefolket si hjelp vart det meste av buskapen berga ut frå det samanrasa fjøset. Alle husa vart sette opp på nytt gardstun.

Då far overtok eidedomen, var det Jamt over dårlege hus. For far og mor vart det i mange år ei travel tid med bygging av nye hus. Først var det stabbur med svalgang og to soverom i andre høgda. I første høgda var det eit rom for eigaren med kornbøler og plass til spekemat, og eit rom for kårmannen. I 1908 vart det nytt fjøs av grovt furutømmer og med bås plass til åtte stofe, sauestall, grisestall og stall til to hestar.

Etter som huslyden voks, vart det lite plass i den gamle halling-Stova, og nytt bustadhus med ti rom i to høgder vart sett opp i 1912. Den gamle stova vart seld og sett opp att som jakthytte på fielleidedomen Ausand som far kjøpte i 1902.

Å få opp grunnmur til fjøs og bustadhus var eit strevsamt fagarbeid. Det var gråstein nok, men den var lite skikka til mur. Veggene i fjøs og bustadhus var av grovt tømmer som vart øksetelgt og finpussa med oksehøvel. Mellom kvart stokklag vart det lagt husmose eller vatt tör å veggene tette og huset varmt. Alle dører, glas, svingtrapp og kjøkeninnreiing var snikkararbeid som vart utført på byggeplassen. Dei fleste handverksfolka skulle ha husrom og full kost i tillegg til den vanlege daglønna. For oss gutungane var det no travle dagar. Her vart det leiker av alle slag. Vi var høgt og lågt, ofte til stor plage for snikkar og tømmermann. Ein gammal gubbe var vi svært glad i. Han spikka fliser til låvetaket, hadde knebrok av skinn og tok oss ofte på fanget og song «Ride, ride ranke på hesten den blanke».

For å skaffe nok inntekt til den store huslyden, dreiv far som handelskar, kjøpte kyr i Telemark og dølahestar på bygdene rundt Hønefoss og Drammen. Frå bygdene i Telemark var det to driftsvegar som vanleg vart brukte. Den kortaste gjekk over Gaustatoppen, men den var nærmast livsfarleg, med dårlege bruer over stygge djuv, Dei valde likevel denne vegen og kom ned i

Måndalen. Så vart fedrifta driven gjennom Tessungdal, over fjellet til Dagali og fram til Geilo, vidare til stølen vår i Hol. Etter at jernbanen mellom Hønefoss og Bergen vart ferdig, reiste far om vinteren fleire turar til Bergen. Der var det lett å kjøparar til store dølahestar som vart brukte til den tunge varetransporten i byen. Når far kom heim, var Sjugurd Nordigarden ein trufast gjest om vinterkveldane. Han var bror til farmor og hadde sjølv drive som handelskar i unge år. Han hadde også hjelpt far med pengar første gongen han reiste ut som handelskar for å kjøpe sau på Vestlandet.

Heile tida før eg vart konfirmert, hadde far gardsgut som tok seg av det daglege arbeidet med hestestell, forkøyring, vedhogst og steinkøyring frå nybrotet. Barneflokken auka trutt og jamt med ein ny borgar annakvart år. I denne tida hadde mor litt hjelp av gommo og farsyster. Elles var ho for det meste åleine om alt husarbeid og krøttestellet. Ho fekk i stor mon også ansvaret for å oppdra barneflokken til gode samfunnsborgarar. Arbeidsdagen hennar var frå tidleg om morgon til seine kveld.

Knut Sorteberg måtte hjelpe til med mange slags arbeid på garden, og om sommaren var han gjetargut,. Ut i august kom far med onne jente og to slåttekarar for å slå den store vollen og stormyra. V anleg avling var 10—12 store vinterlass fjellfór og 3 lass stor. Alt graset vart turka på bakken. Arbeidsdagen var frå klokka seks om morgonen til åtte-ni om kvelden. Slåttetida i fjellet var som vanleg 12—14 dagar, men kom hundedagane med regn, kunne det bli ekstra lange dagar og stort strev med å få berga avlinga i hus.

Den 10. september kom det ein flokk byfolk. Dei dreiv fiske og rypejakt med hund. Ein sumar var eg med som dreng og bar dagens fangst. Ofte kunne det vera 20—30 fuglar etter ein flink skyttar.

I midten av september var det slutt på stølslivet i fjellet. Då tok mor buskapen og alle ungane med til heimstølen. Der var vi til innhaustinga heime var ferdig. Komen heim var det å hjelpe til med potetopptaking. Så snart det gule lauvet druste av ospeskogen oppe i bakkane, vart det raka saman og frakta inn på låven og brukt som fór til buskapen.

Om hausten når buskapen var sett inn, tok slaktinga til. Å slakta sau og kalv var husbonden sitt arbeid. Men på kvar gard var det ein eller fleire grisar som skulle slaktast til jul, og julegrisen skulle vera så feit at den sat på sin eigen bak når den fekk mat i troa si. Bygdeslaktaren og «bekkekona» som skulle vera med for å røre i blodet og reinsa tarmar, var tinga lenge før slaktedagen var bestemt. Når slaktaren kom om morgonen, skulle skåldevatnet vera godt varmt. Så vart grisen lokka med mjøldrykk ut av stallen, eller dregen ut med eit tryneband. Ute på gardsplassen vart han

skoten med slaktemaske og stukken i halsen med ein stor slaktekniv. Ein vaksen kar la seg over grisen og tok godt tak i frambeinet før slaktaren stakk. Ein gong gjekk det gale likevel. Grisen sparka og slaktaren fekk kniven i venstre armen så blodet spruta. Far overtok slaktinga, og med Blakken fór spissleden og gardsguten som skysskar vart det travkøyring åtte kilometer til distriktslegen.

Ofte kunne det vel leite på det gode humøret hennar mor, og etter gamal skikk prøvde ho nok å bruke ein påk av bjørkeris for å litt skikk på ein vilter krabat. Men dette vart det tidleg slutt på. Ho skjønnte at gode råd og nok arbeid vart betre medisin for ein uroleg ungeflokk.

Tidleg måtte vi lære oss å hjelpe mor med oppvask av separator, koppar og kar. Etter tur var vi med i fjøset dei dagane vi hadde fri frå skulen. Ved låvebrua var det ofte ein stor vedkost av bjørk med riset på. Det var vår jobb å hakke av dei finaste kvistene sorn vi la i båsen til kyrne. Den mest kvistreine bjørka vart kapp opp til famneved i 60 centimeters lengde. I dei lange vinterkveldane vart vedkubbane borne inn i stova der far og tenestguten tok av never og bork. Borkeskav vart blanda med halmhakk og brukt som fór til mjølkekyr. Den finaste nevra vart lagra og brukt som dekke under torva på bu- eller stovetak.

Den våren eg var åtte år, skulle eg og broren min overta gjetararbeidet. Først var det to-tre veker på heimstølen. Sidan gjekk heile buskapen i rekke og rad den lange vegen til høg fjellet. Far og mor med bufarlass og stor ungeflokk fore og buskapen etter. Til slutt kom gjetarguten med den utskorne ringastaven sin. Ved enden av bygdevegen vart firehjulsvogna spent frå og kløvteinene lagde over i kløvsalen på hesteryggen. Ungar som var for små til å gå den lange vegen opp lia til snaufjellet, fekk plass i kløvteina eller kløvsalen på hesteryggen.

Dei første dagane etter at buskapen var komen til Ausand, dreiv far og gardsguten med riving av brisk. vier og tjellrabb til ved. Torv var det nok av i ei myr ved stølsvollen. Med torvspaden vart det skore opp to tommar tjukke plater som vart sette opp til tørk. Ut på sommaren var torva så tørr at den brann godt under primkjelen.

I beitefeltet til Ausand var det fleire slåttevollar utan gjerde, og gjetaren måtte derfor vera med buskapen heile dagen før slåttonna tok til i august. I regn og skodde kunne det ofte vera ein utriveleg jobb. I godt solskinn var kyrne ofte plaga av klegg og brems. Då tok dei i full fart vegen til stølen og inn i fjøset. Ofte hadde kyrne merke etter ryggen der bremsen hadde lagt egga sine. Dei utvikla seg sidan til ei larve. Mange kyr hadde også lett for å få sår på jur og

spenar. Kvar morgon vart dei derfor smurde med heimelaga spenesalve.

Ofte var det gietarguten sitt arbeid å laga sopelimar av bjørkeris. I sevjetida fann dei fjellrabb som vart skrapa rein for bork og bunta saman til ei «tugu». Den vart brukt til reingjering av mjølkebytter. I enkelte myrar var det kaslegras. Det var skarpt som sandpapir og brukt til å skrubbe primkjelen blank og fin.

*Henta frå boka Buskerud og Telemark i nær fortid, Samlaget, 1983.  
Tilrettelagt av Olav Sataslåtten*